



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Aurora Skimmeland, 51568708

## Uttale- søknad om dispensasjon frå LNF-føremål for oppføring av garasje gnr./bnr. 22/81 i Karmøy kommune

Me syner til kommunen si oversending, dagsett 26.09.2022.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for etablering av garasje til bustadhus. Garasjen det søkjast om er 69,3 m<sup>2</sup> BYA. Eigedomen er 1043 m<sup>2</sup>. På eigedomen er det allereie eit bustadhus og ein garasje/bod på 50 m<sup>2</sup>.

Saka er send på høyring til statlege og regionale sektorstyresmakter i tråd med reglane i plan- og bygningslova kapittel 19. Det er ikkje nok at omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsynet bak lova sitt føremål eller nasjonale eller regionale interesse, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må fordela ved å gje dispensasjon, etter ei samla vurdering, vere klårt større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2, 2. ledd.

### Statsforvaltaren sitt syn på saka

Av dei nasjonale ansvarsområda Statsforvaltaren er sett til å ivareta gjennom plan- og bygningslova, har me følgjande merknader til saka:

Det er kommuneplanen pkt 9.1 b som er retningsgivande før handsaminga av saka. I tredje kulepunkt står det at *oppføring av garasje og uthus innanfor rammer gitt i kommuneplanens bestemmelser kan hansamnas gjennom enkeltvis søknader*. I kommuneplanen sitt pkt. 5.15 b står det at *garasje og uthus skal tilpassas bebyggelsen på eiendommen med hensyn til utforming og materialvalg. Garasjer og uthus skal ha en enkel utforming uten takark, takoppløft, karnapp eller lignende*.

Av kartet ser me at det allereie er oppført ein garasje på eigedomen, utanom bustadhuset, og me stiller spørsmål til om det er naudsynt med et samla garasjeareal på 119 m<sup>2</sup>. Kommunen bør halde seg til ein restriktiv praksis når det gjeld storleiken på garasjar, og ver tro mot eigen kommuneplan, som det styringsdokumentet det skal vera. Å opna opp for at eigedomar får eit garasjeareal på 119 m<sup>2</sup> er svært uheldig. Me kan ikkje sjå at ein garasje på 69 m<sup>2</sup> BYA kan reknast som ein ordinær garasje.



Utover dette har me ikkje merknader til at dispensasjon frå LNF- føremålet i kommuneplanen vart gitt, slik status på eigedomen er i dag.

Me gjer elles merksam på at som uttaleinstans skal me ha kommunen sitt vedtak tilsendt straks det er gjort.

Med helsing

Helene Medhus Skedsmo (e.f.)  
seniorrådgiver

Aurora Skimmeland  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger